

Hobbyklubben med refleksveke: C OG BLI Z!

14.10.2010



Med det finurlege og slåande slagordet C OG BLI Z går den 5 år gamle Hobbyklubben i Bedehuset no ut med ein kraftig appell til uskedelingane: Bruk refleks i haust- og vintermørket slik at ulukker blir unngått

Klubbmedlemmene er sterkt engasjert i tiltaket som dei håpar kan ha ein positiv verknad.



750 refleksbrikker og mange t-skjortar ventar på utdeling. Bak står (frå venstre) Ingvill Myklebust, Marita Kjærland, Solveig Haugland, Sunniva Myklebust og Veslemøy Haugland.

Dette er tredje året klubben med leiar Tore Mathiesen som engasjert pådrivar har engasjert seg i refleksbruk med premierung, men no slår dei ekstra kraftig på og avviklar ei spesiell refleksveke.



Tore Mathiesen med 5 engasjerte Hobbyklubb-medlemmer: Ingvill Myklebust, Marita Kjærland, Solveig Haugland, Sunniva Myklebust og Veslemøy Haugland

750 refleksar produsert av Jæren Industripartner og eit stort lager av t-skjortar med slagordet/logoen på og produsert av AFA låg klart då planen for veka vart presentert.

Veka startar måndag morgen med utdeling av refleksar til alle elevane i skulen samt barnehagebarna.

Om kvelden klokka 19 måndag er det eit kveldsarrangement i Bedehuset der skilnaden ved bruk av refleks blir understreka. Utan refleks er ein synleg først på 25-30 meters hald medan ein er synleg på 140 meters hald når bilen nytta nærlys. Og med fjernlys kan bilføraren se deg på 400 meters avstand.

Det blir også refleksleikar i Bedehuset denne kvelden.

Fredag ettermiddag og laurdag føremiddag gjer Hobbyklubben ein innsats ved SPAR med utdeling av refleksbrikkar.

Og så skal det bli interessant å sjå kor mange som verkeleg nytta refleksen etter kvart som det blir mørkare...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen